

**Imponerande av konfirmantane**

12.04.2011

**Årets konfirmantkull (dei er 17) gjorde ein imponerande innsats under årets fasteinnsamling for Kirkens Nødhjelp.**

**På dei 2 timane mellom 17 og 19 i kveld samla dei inn 14 893 kroner medan fjarårsresultatet var 13 280 kroner.**

Leiar i soknerådet Møyfrid Kristoffersen er full av ros både til konfirmantane og til folket i Uskedalen som etter ein gong viste sin raushet når det gjeld å yta til eit godt føremål.

- Kjempeflott. Tusen takk til gjevarar og tusen takk til dei flotte ungdommane, seier ho til uskedalen.no